



DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD MØTEPROTOKOLL	
Møtedato: 28.04.2022 kl. 1700	
Følgjande medlemmer/vara møtte: Tor Helge Hardeland (leiar), Johannes Flatnes (nestleiar), Øyvind Tislavoll, Leiv Rossehaug, Arild Steinsland, Solveig Brynjelsen og Torgeir Tveit Katla	
Forfall: Maren K.L. Bårdsen har meldt forfall og Kristi Tveitaskog	
Tekst for dagen ved Arild Steinsland	
Saker som vart behandla: 06/2022 Godkjenning av referat og innkalling. Informasjon og skriv 07/2022 HMS-avtale Bispedømme 08/2022 Vedlikehald grøntareal 2022 09/2022 Innspel budsjett, investering og drift	
Sveio, 02.05.2022	
Sign Tor Helge Hardeland Leiar Fellesrådet	Ottar Krakk Kyrkjevevje

Signering av protokoll

Leiv Rossehaug

Solveig Brynjelsen

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
28/04 2022	6/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

06/2022 Godkjenning av referat og innkalling

Informasjon og skriv:

- **Godkjenning av plan for utviding av Eikeland Kyrkjegard, brev frå statsforvaltaren i Vestfold og Telemark – Anbodspapirer er nå og sendt ut.**
- **Notat etter møte mellom kommune og fellesråd, 06.04.2022**
- **Valestrand kyrkje, jubileum 2023.** Det er oppnemmt ein komite for jubileet. Komiteen vil koma tilbake til vidare planar for jubileet, men det er viktig at kyrkja er i god stand samt at det vil vera aktuelt med eit skrift i samband med jubileet. Det vil vidare bli ulike arrangement i samband med markeringa.
- **Mottak av flyktningar mv**
 - **Solidaritetskonsert for Ukraina 12. mai**
 - **Vennefamiliar, det er fleire familiar som har meldt seg til å vera vennefamiliar.**

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
28/04 2022	7/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

07/2022 HMS-avtale Bispedømme

Frå Bispedømme si side er det tatt initiativ til å inngå avtale om HMS-arbeidet med alle fellesråda; «Avtale om samordning av HMS-arbeid mellom Bjørgvin bispedømmeråd og Sveio kirkelige fellesråd»

Avtalen er utforma av det sentrale arbeidsmiljøutvalet i kyrkja og tek utgangspunkt i m.a. arbeidsmiljølova § 3-1, pkt.2b.

Avtalen har som utgangpunkt at det er to arbeidsgivarlinjer, fellesrådet og Rettssubjektet DnK, representert ved prost og kyrkjevevje.

Punkt 1 i avtalen seier noko om kva dei to partane sitt ansvar er for arbeidsmiljøet, både kvar for seg og saman. Dette punktet slår og fast eksisterande praksis med at Fellesrådet er å sjå på som hovudbedrift.

Punkt 2 i avtalen beskriv fellesrådet sitt ansvar som hovudbedrift når det gjeld samordning av HMS oppgåvene.

Punkt 3 er lite relevant i vår samanheng då arbeidsmiljøutval først skal opprettast når det er meir enn 50 arbeidstakerar.

Punkt 4 avklarar det økonomiske ansvaret for fellesråd og bispedømmeråd, herunder fordeling av utgifter til stabsutvikling og ev. konflikthandtering.

Punkt 5 tek opp avvikshandtering mv. Her vert det peika på ulike rutinar som må utarbeidast og innarbeidas hjå dei to partane. Når det gjeld varsling har nyleg Sveio Kyrkjelege Fellesråd tatt del i den nasjonale ordninga «Mitt varsel».

Sjå her: [Varsling | Varsle i Den norske kirke - Den norske kirke \(kirken.no\)](https://www.kirken.no/varsling)

Punkt 7 tek opp plikta til å utveksle informasjon.

Vurdering:

Kyrkjevevja vurderer det som fornuftig å inngå ein skriftleg avtale for å formalisera ein del av dei rutinane som er på plass og for å utfordra begge parter til å forbetra innsatsen på området.

Dokument i saka:

- «Samordning av arbeid med helse, miljø og trykkleik», brev, inkl. avtale, Bjørgvin Bispedømme 21.02.22

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd inngår avtale med Bjørgvin Bispedømme om Helse, miljø og trykkleik, jf. avtaleutkast.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd inngår avtale med Bjørgvin Bispedømme om Helse, miljø og tryggleik, jf. avtaleutkast.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
28/04 2022	8/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

08/2022 Vedlikehald grøntareal 2022

I samband med reduserte tilskot frå Sveio kommune vart det i budsjettprosessen vedtatt at Fellesrådet måtte redusera drifta si noko.

Det eine punktet vart konkretisert til å ikkje lenger vedlikehalda dei to nedlagde gravplassane ved Sveio haugen og ved Paddevegen. Desse er ikkje lenger definert som gravplassar etter gravferdslova og fell utafor det ansvarsområde som Fellesrådet har. Desse vart i si tid likevel tatt inn som ein del av det arealet me har holde ved like frå omlag 2016, dette då me i fleire år nå har hatt eit samarbeid med NAV om ulike arbeidsmarknadstiltak. Før 2016 hadde desse gravplassane over lenger tid ikkje blitt vedlikehaldne.

Vidare vart løyvingane frå kommunen redusert med 50.000,-/år frå og med 2022. Det vil vidare bli nye reduksjonar i 2023 og 2024 på nye 50000,- kvart år. Løns og prisauke vert som kjent sannsynlegvis og høgare enn det anslaget som låg til grunn for budsjettvedtak både i kommune og fellesråd for 2022.

Det andre punktet vart konkretisert til å vurdere reduksjon av vedlikehald på dei andre gravplassane. Vedlikehaldet som har vorte utført på gravplassane er eit minimumsvedlikehald og tåler i utgangspunktet ikkje nokon reduksjon utan at det går ut over kvaliteten på vedlikehaldet.

Sveio kommune er informert om reduksjonane og har gitt eit tilsvar, datert 17.2. der dei ber Fellesrådet om å ikkje gjennomføra varsla reduksjon i vedlikehald av gravplassar, både dei som er nedlagt og dei som framleis er i drift.

Oppdatert informasjon om forventta inntekter frå festeavgift ligg nå føre og det ser ut til at det er mulig å auke anslaget på inntekter frå festeavgift frå det budsjetterte nivået.

Sveio kyrkjelege Fellesråd har over fleire år gått med mindre overskot i drifta. Det er ulike grunnar til det men m.a. langtidssjukefråvær og mindre aktivitet pga korona har vore medverkande til dette siste to åra.

Me har nå og tilgang på vikarar som kan arbeida framover våren og sommaren.

Vurdering:

Det er viktig at me ikkje legg opp til eit budsjett som ikkje kan i hop. Når me nå veit at straumutgiftene framleis er svært høge og er forventta til å halda seg høge ut over i året som kjem forsterkar dette ytterlegare behovet for å strame inn der det er mulig. Etter første kvartal er straumutgiftene omlag 50% av totalkostnaden for 2021.

Dei nedlagde gravplassane er ikkje innanfor fellesrådet sitt primære ansvarsområde og eg kan ikkje tilrå at me skal halda oppe tidlegare utført vedlikehald der. Dette er ikkje ønskeleg då desse nedlagde gravplassane er viktige kulturminner som mange sveibuar har sett pris på at har blitt

vedlikehaldne. Når det er begrensa og reduserte midlar og heller ikkje ekstraordinære ressursar gjennom NAV, ser eg ikkje at vi kan forsvare å bruke knappe ressursar her, så lenge desse gravplassane er utafor fellesrådet sitt primære ansvarsområde.

Når festeavgiftene for 2022 etter oppdaterte estimat kan sjå ut til å bli overkant av budsjett kan det gi rom for å oppretthalda det minimumsvedlikehaldet som vert utført på dei gravplassane som framleis er i drift.

Det vert i tillegg lagt vekt på at vi har personellressursar til å oppretthalda ordinert vedlikehald.

Skulle rekneskapen likevel gå med underskot for 2022, mellom anna på grunn av høgare utgifter til straum enn tidlegare venta, vil det vera ressursar på fond til å dekke dette.

Dokument i saka;

- «Vedkomande redusert vedlikehald gravplassar». Brev frå Sveio kommune, datert 17.2.22

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kyrkjelege fellesråd oppretthald vedlikehaldsnivå på dei ordinære gravplassane.
2. Sveio Kyrkjelege fellesråd gjer ikkje vedlikehald på dei to nedlagde gravplassane ved Paddevegen og Sveiohaugen frå og med vekstsesongen 2022.

Behandling i møte:

Det kom framlegg om at det burde koma tydlegare fram kva grunngjeving som ligg til grunn for avgjerda i punkt 2. Det kom fram uro for den økonomiske utviklinga med straumutgifter som er svært høge over tid samt reduserte løyvingar frå Sveio kommune.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Sveio kyrkjelege fellesråd oppretthald vedlikehaldsnivå på dei ordinære gravplassane.
2. Sveio Kyrkjelege fellesråd gjer ikkje vedlikehald på dei to nedlagde gravplassane ved Paddevegen og Sveiohaugen frå og med vekstsesongen 2022. Dette då desse to gravplassane ikkje er Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt ansvarsområde samt at løyvingane frå Sveio kommune vert redusert.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
28/04 2022	09/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

09/2022 Innspel budsjett, investering - 2023

Budsjettprosessane i kommunen startar tidleg og det er behov for å koma med innspel til investeringsbudsjettet til Sveio kommune.

Kyrkjebygga i Sveio har jamleg behov for investeringar for å halda bygga i stand med tanke på klimaskal, enøk og estetikk. På same måten er det på gravplassane jamlege behov for investeringar for å gje tilstrekkeleg kapasitet samt at dei vert haldne i tilfredstillande stand.

Gjennom dei siste 5-6 åra er det utført rehabilitering på kyrkjebygga, større og mindre tiltak. Siste åra er det mellom anna montert brannvarsling i Valen kapell og Sveio kyrkja, det er installert varmpumper og gjort omfattande vedlikehald på tårntak og murveggar på Førde kyrkja, det er utført vedlikehald på mellom anna taket på kyrkjelydssalen på Eikeland kapell og bygd rullestolinngang til same bygg.

Overordna prioriteringar har vore å sikra bygga mot vatn og uver. Tett tak og tette veggar, inkludert vinduer og dører vore høgast prioritert.

Vidare har brannsikring og enøk vore viktig. I løpet av 2022 vil det og bli installert nytt brannvarslingsanlegg i Valestrand kyrkja, her nyttast investeringsmidlar som stod på 2021 budsjettet. Det er vidare sett av kr. 600000,- i kommunen sitt investeringsbudsjett for 2022 til montering av varmpumper e.l. i Valestrand og Sveio kyrkja. Det er uklart om denne summen er tilstrekkeleg til å få på plass løysingar i begge kyrkjene. Kommunen sin Drift og anleggsavdeling har ikkje kapasitet til å jobba vidare med dette prosjektet før over sommaren.

Varmestyring i kyrkjebygga, nye låssystem og innbrotsalarmar er behov som må møtast i åra som kjem om me skal redusere oppvarmingskostnadane samt sikre kyrkjebygga tilstrekkeleg. Det er ikkje prioritert mellom desse då det føreløpig ikkje er midlar tilgjengeleg.

Det er og kostnadar som er i grenseland mellom vedlikehald og investering. Maling vert vanlegvis rekna som vedlikehald (drift) om det ikkje er som ein del av eit større rehabiliteringsarbeid. Sveio kyrkja vart måla i 2019 og det vart samtidig gjort mindre reperasjonar av tak, listverk og kledning. Førde kyrkje vart overflatebehandla/måla i 2020/21. Når det gjeld dei andre 3 kyrkjebygga er det behov for maling/overflatebehandling i løpet av eit par år. Valen treng ny tjørebreiing snarleg. Eikeland kapell treng og å utført noko malingsarbeid i løpet av kort tid. Begge deler vil me gjera forsøk på å få gjennomført med eige personell til relativt begrensa kostnadar ut over eigne lønskostnadar. Det er imidlertid eit klart behov for å få måla Valestrand kyrkje på ny. Den vart sist måla i 2013 og det er nå eit klart behov for ny måling. I 2023 er Valestrand Kyrkje 150 år og den bør og av

den grunn vera nymala før ein markera jubileet hausten 2023. Mykje av kledning mv vart skifta når kyrkja vart isolert og påbygd og er i god stand, men ber nå likevel preg av å vera malingsliten etter 10 år. På ny kledning er malinga sliten og ein del eldre treverk på lister og vinduer har fått malinga flassa av og har eit enda større behov for vedlikehald. Det er i tillegg ei utfordring med mose på deler av skifertaket. Dette treng reingjering.

Vedlikehald som i større grad er estetisk er ikkje gjennomført i kyrkjene på lang tid. Det vil og vera behov i form av innvendig maling etc. i åra som kjem. I nokre tilfelle er desse behova samanfallande med å få betre enøk samt førebygga brannfare og vil derfor vera relevante. Det er mellom anna peika på dei to sakrestia i Sveio kyrkja som er i dårleg stand.

Sveio kyrkje har utfordringar med lekkasjar i taket. Her vil det bli utført inspeksjon og ev. mindre utbetringar i 2022 med utgangspunkt i lekkasjepunkt. På sikt vil det vera behov for større utbetringar her med skifte av sutak mv. på den øvste delen av taket. Nåverande sutak ber preg av fuktgjennomtrenging og begynnande rote ein del stader. Nokre få stader er og berande konstruksjonar utsett for fuktighet. Dette er ikkje akutt, men over tid vil det føra til større skader på bygget.

Gravplassar

Det er i kommunen sine investeringsbudsjett for 2021 og 2022 sett av midlar til ein etterlengta og heilt nødvendig utviding av gravplassen på Eikeland. Det vert innhenta anbud med frist om kort tid.

Det er pr. nå ikkje behov for utviding av fleire gravplassar enn Eikeland før den varsla behovet for utviding av Sveio sentrum. Her i Sveio sentrum vil behovet visa seg i løpet av nokre få år, men det er tidlegare anslått at vi her må ta ei ny vurdering av tidshorisonten på dette ein gong mellom 2023 og 2028. Ei forventa auke i dødsfall over dei næraste to tiåra vil kunne påverka når det er behov for utviding i Sveio sentrum.

Det er nå i 2022 utført mindre tiltak på Nordskog for å avhjelpe problemet med for mykje vatn i gravene. Det kan her bli nødvendig å enten utføre meir omfattande utbetringsarbeid eller stenge deler av gravplassen for ny gravlegging/gjenbruk.

På Valen gravplass er det og nødvendig å utføra mindre tilpassingar for å sikre at det er ledige graver til gjenbruk her.

Sveio har mange gravplassar der graver er anlagt i løpet av dei siste 150 åra. Felles for dei fleste er at me ikkje har nye oppdaterte elektroniske kart. Unntaket er Sveio Sentrum og nye felt på Førde nye gravplass som begge er etablert i løpet av siste tiåret. Nye gravplassar skal ha kart etter Sosi-standard. Oppdaterte elektroniske kart kan gjera det enklare å følgja opp sletting av graver, muligheter for gjenbruk mv og sikre at ein på den måten til ei kvar tid er oppdatert på kor mange graver som er tilgjengeleg mv. I 2020 mottok me eit tilbod på

digitalisering av karta for alle gravplassane våre. Tilbodet var den gong på rundt 320000,- + mva. På sikt bør me arbeide for å få dette på plass.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om ekstraordinære driftsmidlar til maling mv. av Valestrand Kyrkje i 2023 – Kr. 400000,-
2. Sveio kyrkjelege Fellesråd ser at det vil vera behov for jamlege rehabiliteringstiltak på kyrkjebygga framover:
 - Kr. 500.000,-/år til Brannsikring, enøk og energistyring frå 2023-2025
 - Kr. 300.000,-/år til Rehabilitering Kyrkjebygg frå 2023-2026
3. Kartlegging av gravplassar etter Sosi-standard, kr. 450.000,- innan 2026

Drøfting i møte:

Det var eit ønske om å spesifisera behova til rehabilitering, brannsikring, enøk mv., jf. saksutgreiinga. Det vart og peika på framtidig behov for skifte/reperasjon av taket på Sveio kyrkja. Ved å få utført nødvendige reperasjonar her nå i 2022 kan dette sannsynlegvis venta nokre år.

Det vart vidare peika på at det bør gjerast nokre utbetringar ved Valestrand kyrkja i samband med 150 årsjubileet i 2023. Dette ut over behovet for maling og rensking av tak. Det bør mellom anna leggst anna/fast dekke på gangstien mellom kyrkja og gravplassen. Jubileumskomiteen vil her koma med meir konkrete framlegg når komiteen kjem i gong. Det vart vidare peika på at punkt 1 kan vera aktuell for revidert budsjett.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om driftsmidlar til maling mv. av Valestrand Kyrkje i 2023 – Kr. 400000,- samt kr. 150.000,- i ekstraordnære midlar til ulike utbetringstiltak og andre utgifter i samband med jubileet, herunder fast dekke på gangstien mellom kyrkje og gravplass.
2. Sveio kyrkjelege Fellesråd ser at det vil vera behov for jamlege rehabiliteringstiltak på kyrkjebygga framover:
 - o Kr. 500.000,-/år til Brannsikring, enøk og energistyring frå 2023-2025
 - Meir varmekapasitet (varmepumpe) i Valestrand kyrkje
 - Varmestyring, Sveio kyrkje
 - Varmestyring Førde kyrkje
 - Innbrotsalarmar i kyrkjene

- Nytt nøkkel-/låsesystem i alle kyrkjene
- Kr. 300.000,-/år til Rehabilitering Kyrkjebygg frå 2023-2026
 - Oppgradering av sakristi, Sveio kyrkje
 - Skodder og rep. av vinduer Valen kapell
 - Reperasjon av blyinnfatningar, vinduer i alterpartiet, Sveio kyrkje
 - Vurdere drenering ved Sveio kyrkja
 - Diverse mindre reperasjonar i fleire kyrkjer
 - Diverse mindre innvendig malearbeid
 - Skifte/reperasjon av enkelte vinduer og dører i fleire kyrkjebygg
- 3. Kartlegging av gravplassar etter Sosi-standard (digitale kart der kvar enkelt grav er teikna inn) , kr. 450.000,- innan 2026